



## MØTEREFERAT

<b>Referat frå:</b>	Møte i administrativ koordineringsgruppe, Regional plan Bergensområdet	<b>Møtedato:</b>	15.01.2014	<b>Tid:</b>	10.00 – 12.00
<b>Møteleiar:</b>	Bård Sandal	<b>Møtestad:</b>	Wigandgården	<b>Arkivsak:</b>	
<b>Referent:</b>	Snorre Waage	<b>Ref.dato:</b>	15.01.2014	<b>Arkivnr.:</b>	
<b>Deltakarar:</b>	Gerhard Inge Storebø, Mette Svanes, Odd Ivar Øvregård, Rune Fjeld, Siri Fahlvik Pettersen, Thorbjørn Aarethun, Håkon Rasmussen, Knut Natlandsmyr, Olav Terje Hove, Liv Margareth Østervold, Ivar Ådlandsvik, Arne Eikefet, Hanne Dybwik-Rafto, Willy Sørensen, Bård Sandal, Marit Rødseth, Hans-Christian Engum, Snorre Waage				
<b>Fråvær:</b>	Steinar Nesse, Ingvild Hjelmtveit, Knut Terje Rekve, Jarle Landås, Tone Ramsli, Trine P. Grønbech,				
<b>Kopi til:</b>					

### Referat frå møte i administrativ koordineringsgruppe – Regional plan for Bergensområdet 15.01.2014

Bård Sandal ønskte alle velkomen til møte, og beklaga at rådmannen ikkje kunne vere tilstade. Det vart stadfesta at dette var det konstituerande møtet i administrativ koordineringsgruppe etter vedtatt planprogram.

#### 1. Planprogram – kort gjennomgang av endringar etter høyringa

Gjennomgang ved Hans-Christian Engum. Det kan og visast til høyringsrapport for planprogrammet, som er å finne på planen si [heimeside](#).

##### *-Nasjonal politikk:*

Det blei stilt spørsmål ved korleis ein i arbeidet vidare vil stille seg til moglege endringar frå statleg hold. Det forventas mellom anna endringar i statlege ramar og føringar for by- og tettstadspolitikk. Dette er noko vi må følgje med på, og naturlegvis inkorporera dersom endringar kjem, men per i dag legg ein til grunn dagens føringar.

##### *-Geografisk avgrensing:*

Den geografiske avgrensinga er teke basert på pendlarmengde og reisetid frå kommunesenter til Bergen sentrum. Det blei i møtet stilt spørsmål om ikkje Voss burde vere inkludert i planen, særleg med tanke på at transportkorridoren mellom Voss og Bergen er tatt med. Det blei poengtert at det ein gjer i transportkorridoren vil påverke det som skjer på Voss, og at dersom reisetida går betydeleg ned frå Voss (tog), vil Voss få ei styrka regional rolle. Det å ta Voss med – handlar og om regional utvikling i indre Hordaland.

Dette vil trenge jamlege rulleringar, og det er ikkje usannsynleg at Voss på eit seinare tidspunkt bør inkludrast i Bergensområdet.

##### *- Fleirkjerna utvikling:*

Fylkeskommunen understreka at dersom strategien med ei fleirkjerna utvikling skal bli ei

vellukka modell, må det bli tilrettelagt for både *bustad* og *arbeidsplassar* sentera omkring Bergen for å unngå auke u trafikkvolumet inn mot Bergen.

*-Plantema:*

-Senterstruktur og knutepunkt: Planen ynskjer å skissere framtidig byutvikling og utviklingsretning i Bergensområdet.

-Regionale næringsområde: Det er eit ynskje å kople planen til interkommunale samarbeid på næringsområde.

-Transport: veginfrastruktur vil bli eit sentralt tema i planen, og det var brei semje om at det veginfrastrukturen er eit avgjerande premiss for utviklinga av Bergensregionen.

-Det er eit ambisiøst planprogram med mykje utgreiingar, men Fylkeskommunen påpeikar at dette er det grunnlaget me ynskjer å bygge planen på, og at mykje av arbeidet gjerast allereie. Det skal ikkje bli lagt opp til dobbeltarbeid.

*-Oppsummerande spørsmål/kommentarar frå gruppa:*

- Ein ynskjer ar planen skal vere av strategisk art, og bidra som ein rettleiar for ein overordna ATP tilnærming for alle dei involverte kommunane, og ikkje vere for konkret på planføresegner. Eit overordna strategisk dokument som seier noe om regionale retningar, som kan virke som eit styringsdokument ovanfor kommunane.
- Verkemidlar. Ein trenger både *strategi* og *konkretisering*. Må hjelpe å dra ilag både administrativt og politisk. Overordna plan som er strategisk styrande, men ikkje så inngripande i dei politiske vala. Derfor bør planen fokusere på verkemidlar i samspel med strategi. Ein må unngå å opne opp for omkampar.
- Planen må dimensjonere verkemiddelbruk i forhold til ynskjer om måloppnåing i kommunane, og synleggjere i planen kva fylket meiner om korleis den regionale utviklinga bør vere.
- Ein av kommuneutfordringane er mangel på samkøying. Samkøyringsrolla er ei rolle fylkeskommunen kan/bør ta, og eit ansvar HFK har etter ny plan- og bygningslov. Kan være ulike oppfatningar og ønskjer som kanskje ikkje er det kollektivt beste for heile regionen. Her kan planen ha ein viktig oppgåve.
- HFK: Dette er ei rolle me er bevisst, og som vi ynskjer å ta med oss i planarbeidet med Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.
- Tema knytt til *strategisk tilnærming* og *verkemidlar* vil vere fokus for neste koordineringsgruppemøte. HFK vil forberede diskusjonsmateriale før møtet.

## **2. Koordineringsgruppe – arbeidsform**

### **a. Arbeidsutval**

Det vart bestemd at Fylkeskommunen har denne rolla, og at det ikkje vert etablert eit formelt arbeidsutval. Seinast ei veke før koordineringsgruppemøte skal det sendast ut kva som skal diskuteras, kva slags avgjerder som skal takast, eller om sakane berre er til orientering. Dersom det er saker eller tema som vi ønskjer tilbakemelding på før møtet, bør dette sendast ut to veker før koordineringsmøtet.

b. **Temagrupper**

Fylkeskommunen ser behov for meir faglege temagrupper på noen av plantema. Her er det hensiktsmessig med små, faglege grupper, som òg vil ha kontakt mot konsulent. Særleg på bustad, transport og grønstruktur. Arbeidet til ei slik gruppe kan mellom anna vere kvalitetssikring av konsulentarbeid, forberede faglege innspel til styrings- og administrativ koordineringsgruppemøter, m.m.). Kommunane gjer innspel til HFK om og eventuelt kva slags grupper dei ynskjer å vere med i. Jernbaneverket, Statens vegvesen og Fylkesmannen kan vere med i dei gruppene dei måtte ønskje.

**3. Framdriftsplan, møter og medverknad**

- a. Utgreiingar: Har avtale med Asplan Viak.
- b. Temamøter: Større opne møter med framlegg av materiale.
- c. Studieturar: Samordne reiseaktivitet med styringsgruppa. HFK kommer med forslag.
- d. Årleg medverknadsmøte: Plankonferansen vil fokusere på samordna areal- og transportplanlegging, samt klima.
- e. Kommunemøter: Vi er positive til å ha prosesser og møte i kommunar dersom kommunane skulle ønskje det. Opp til kommunane sjølv, men dette er ein open invitasjon frå HFK.

**4. Temamøte Senterstruktur 23. januar 2014**

Gjennomgang av programmet. Vel møtt!

**5. Eventuelt**

Ingen innspel.